

Innspel til arbeid med stortingsmelding om kultur og inkludering

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til innspel til Kulturdepartementet om kultur og inkludering vert vedteke slik det ligg føre.

Prenta vedlegg:

1. Invitasjon frå Kulturdepartementet om innspel til stortingsmelding om kultur og inkludering
2. Forslag til svarbrev med innspel

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. SAMANDRAG/BAKGRUNN

Kulturdepartementet inviterer Sogn og Fjordane fylkeskommune til å kome med innspel til stortingsmelding om kultur og inkludering. Meldinga skal presisere og konkretisera regjeringa sin kulturpolitikk for inkludering, basert på overordna mål om tilgjenge og deltaking for alle.

Problemstillingane i meldinga vil vere knytt til kulturbruk og deltaking for dei som i mindre grad nyttar kulturtilbod eller deltek i kulturlivet både som publikum og som utøvar. Eit hovudfokus i meldinga vil vera kulturinstitusjonane og det frie feltet sitt arbeid med inkludering og tilrettelegging. Sentralt vert arbeidet med publikumsutvikling og medverkandsprosessar for å leggje til rette for nye grupper av publikum og brukarar.

Departementet ber i denne omgang om korte innspel med utgangspunkt i dette:

- Omtale av fylkeskommunen sine mål og strategiar, planar og tildelingsbrev på kulturområdet som er relevant i eit inkluderingsperspektiv.
- Omtale av korleis fylkeskommunen legg til rette for å inkludere dei som i mindre grad nyttar kultur eller deltek i kulturaktivitetar.
- Eventuell omtale av konkrete døme/prosjekt med meir som kan illustrere korleis det vert arbeidd med inkludering i kulturlivet.
- Omtale av utfordringar i arbeidet.

2. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren ser fram til ei stortingsmelding som løftar inkluderingsperspektivet meir opp og fram i kulturpolitikken. I framlegg til innspel har ein valt å ikkje gje ei uttømmende skildring av korleis ein jobbar med inkludering på heile kulturfeltet. I staden har ein valt å trekkje fram dei satsingane vi meiner peikar seg ut; satsingar som vi meiner har mykje å seie i inkluderingsamanheng, satsingar der Sogn og Fjordane har teke ei føregangsrolle, og satsingar som møter dei særlege utfordringane fylket vårt står ovanfor.